



## HOLSNØY OG FLATØY BESTANDSPLANOMRÅDE

Holsnøy og Flatøy Bestandsplanområde  
v/Terje Hilland  
Skarpenesvegen 120  
5918 FREKHAUG

Frekhaug, 26.04.2018

Meland Kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

### Søknad om godkjenning av Holsnøy og Flatøy Bestandsplanområde og bestandsplan for området for perioden 2018 – 2021.

På vegne av valda som har meldt seg inn i Holsnøy og Flatøy Bestandsplanområde vert det med dette søkt Meland kommune om godkjenning av bestandsplanområdet.

Områdeavgrensinga er gjort med bakgrunn i kunnskap om hjorten sin områdebruk. Området omfattar heile Meland kommune. Dette har ein tydeleg avgrensing, og er stort nok til å drive ein kunnskapsbasert forvaltning av stamma.

Det er eit av valda valda innanfor området som enno ikkje har meldt seg inn i Bestandsplanområde. Dette gjeld «Sagstad – Moldekleiv» som er eit av dei mindre valda i Bestandsplanområde. Ein vonar dette vil koma til etter kvart. Når det no vert søkt om godkjenning av bestandsplanområde ynskjer ein å ta med alle valda i avgrensinga og godkjenninga av Bestandsplanområde. Dette vil gjere det enklare for valdet som no ikkje har meldt seg inn å komma med seinare. Valda som er med i Bestandsplanområde er vist i tabellen:

Valdnavn	Valdnummer	Tellande areal [da]
Nordre Holsnøy	1256V0001	23182
Sagstad - Moldekleiv	1256V0003	2334
Midtre Holsnøy	1256V0004	11540
Mjåtveit - Langeland	1256V0007	5129
Fløksand - Ryland	1256V0008	5411
Dale	1256V0010	3203
Sætremarka	1256V0011	1564
Flatøy/Håøyna	1256V0012	1504
Kårbø	1256V0013	2385
Austbygd hjortevald	1256V0014	19255
<b>SUM</b>		<b>75325</b>




## HOLSNØY OG FLATØY BESTANDSPLOMRÅDE

Under føresetnad av godkjenning av bestandsplanområdet det er søkt om godkjenning for, vert det samstundes søkt om godkjenning av bestandsplan for perioden 2018 – 2021. Dette gjeld for dei valda som har meldt seg inn i Bestandsplanområdet.

Bestandsplanen har ei samla ramme på 552 fellingsløyver for heile perioden. Fordeling på kjønns og alderskategorier samt fordeling på valda framgår av avskytingsplanen under pkt. 6 Tiltaksdel.

I utarbeidinga av bestandsplanen har ein sett på avskyting og bestandsutviklinga for området samla for alle valda i bestandsplanområde. Dersom valdet som no ikkje er med sluttar seg til seinare, vert det då enkelt å justere avskytingsplanen ved å auke talet fellingsløyver i høve til det som står i målsettingja og tiltaksdelen i bestandsplanen.



På vegne av Holsnøy og Flatøy Bestandsplanområde

Terje Hilland  
Leiar

Vedlegg:

- Referat skipingsmøte Holsnøy og Flatøy Bestandsplanområde
- Innmeldingsærklæringar
- Bestandsplan